

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 19.05.2009
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 18.04.09 - 15.05.09**

Styresak 050/09 O
Administrerende direktør si orientering pkt 10

Styremøte 03.06. 2009

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 18.04.09 – 15.05.09
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	13.03.09	<p>Riksrevisjonen viser til rapport av mars 2008 frå internrevisjonen i Helse Vest, styresak 70/08 og artikkelserie i Bergens Tidende våren 2008 og til Riksrevisjonen sin rapportering i Dokument nr. 1 (2007-2008) om rutinar for oppfølging av tilsette sine bierverv.</p> <p>Det blir bedt om at Helse Vest gjør greie for</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kva Helse Vest/Helse Bergen har gjort for å forsikre seg om at dei bierverv dei tilsette i helseføretaket har, ikkje kjem i konflikt med kravet om ikkje å vere engasjert i konkurrerende verksemd/verksemd som leverar varer eller tenester til helseføretaket - Helse Vest sin oppfølging av internrevisjonen sin rapport 	<p>Svarfrist: 3. april 2009.</p> <p>Helse Vest har sendt førespurnad til helseføretaka om innspel til svaret til Riksrevisjonen.</p> <p>Helse Vest har også bedt Riksrevisjonen om å få forlenga svarfristen til torsdag 30. april 2009.</p> <p>Helse Vest har gitt svar på dei spørsmål som er reist i brev sendt 30. april 2009.</p>

		<ul style="list-style-type: none"> - Om Helse Vest har utvikla ein ny felles rettleiar for biervervsområdet <p>I tillegg blir det bedt om ein oversikt over tal tilsette i Helse Vest RHF med underliggende helseføretak som har bierverv i konkurrerande verksemd/verksemd som leverar varer eller tenester til helseføretaka.</p>	
	28.04.09	Riksrevisjonen inviterer dei regionale helseføretaka sine internrevisjonar til fellesmøte 25.06.09.	
	29.04.09	Riksrevisjonen gjennomfører kontroll med statlege tilskott for 2008 og ser etter at det er samsvar mellom statsrekneskapen og det føretaka har motteke for tilsvarande poster.	Svarfrist for innsending av kontrollskjema er satt til 25. mai 2009.
Statens helsetilsyn	Det er ikkje motteke saker frå Statens helsetilsyn i perioden.		
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatisynet	05.03.09	<p>I 2008 gjennomførte Datatisynet kontroll med behandling av personopplysingar i Nasjonalt Informasjonssystem for pasienttransport – NISSY. Tilsynet gjennomførte i den samanheng tilsyn hos Norsk Helsenett og Ullevål Universitetssjukehus HF. Med bakgrunn i kontrollen, den påfølgande sakshandsaminga, møte med Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Dør-Aust RHF har Datatisynet konkludert med at</p> <ul style="list-style-type: none"> - det er dei regionale helseføretaka som er databehandlingsansvarlege etter helseregisterlova for den aktuelle behandlinga - Datatisynet har kompetanse etter helseregisterlova § 5 til å gi konsesjon til behandlinga - behandlinga er konsesjonspliktig etter helseregisterlova § 5, jf personopplysningslova § 33 <p>Brevet er eit varsel om følgjande vedtak: <i>"Det regionale helseføretaket skal snarest, og senest innen 15. mai 2009, fremme søknad om konsesjon for behandling av personopplysninger i Nasjonalt Informasjonssystem for pasienttransport – NISSY".</i></p> <p>Helse Sør-Aust har på vegne av alle dei regionale helseføretaka gjennomført ei dialog med Datatisynet og Helse- og omsorgsdepartementet i saka. Departementet arbeidar med å få på plass ei eiga lovheimel, men inntil vidare står kravet om at det må bli søkt om konsesjon fast. Det er i dialogen med Datatisynet konkludert med at Helse Sør-Aust må søke om konsesjon på vegne av alle RHFa. Tilsynet har uttrykt forståing for at det er behov for meir tid, og Helse Sør-Aust har bedt om lenging av fristen fram til 1. juli 2009.</p>	

Klagenemnda for offentlige anskaffingar	Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda.
Sivilombudsm.	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.		
Statens helsetilsyn	03.10.08	Jæren DPS, Kløver 1. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke onsdag 10.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.	
	23.01.09	<p>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det påpeika 4 avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jæren DPS sikrar ikkje at vedtak om behandling med legemiddel utan eige samtykke alltid blir gjort og utforma i samsvar med regleverket - Jæren DPS sikrar ikkje at pasientane sine pårørande blir skriftleg meddelt om vedtaket - Jæren DPS sikrar ikkje at protokollen er tilfredsstillande ført - Jæren DPS sikrar ikkje at leger som gjer vedtak har tilfredsstillande kunnskap i helselovgjevinga med særleg vekt på psykisk helsevernlov <p>Jæren DPS er gitt frist til 1. april 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p>	
	03.10.08	Helse Stavanger HF, Psykiatrisk divisjon, A2. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke fredag 12.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.	
	26.01.09	<p>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det påpeika 2 avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - SUS sikrar ikkje at pasientane sine pårørande blir skriftleg med delt om vedtak - SUS sikrar ikkje at protokollane er tilfredsstillande ført <p>Helse Stavanger er gitt frist til 1. april 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p>	
	15.10.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn ved Åstveit Helsesenter 22. – 23. september 2008. Tilsynet omfatta følgjande tema; vurdering og prioritering av nye pasientar, inntak og behandling, samarbeid med kommunale tenester i samband med utskriving og journalføring. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helselovgjevinga</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein har ikkje sørgja for at tilsette har nødvendig kunnskap om krav i pasientrettslova og kva praktiske konsekvensar desse krava har for vurdering av tilvisingar. • Ein har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinskfaglege vurderingar av alle pasientar ved innkost og utskriving. Det er ikkje etablert rutine for å sende epikrise til fastlege. 	

		<p>Åstveit er gitt frist til 31. desember 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.</p> <p>Helse Vest har sendt førespurnad om status i saka.</p>
	15.11.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn ved Hagahaugen Rehabiliteringssenter 21. oktober 2008. Ved tilsynet blei det påpeika eit avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hagahaugen har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkost og utskriving. <p>Hagahaugen er gitt frist til 1. februar 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.</p>
	23.01.09	<p>Svarbrev frå Hagahaugen. Institusjonen arbeider med å auke legedekninga. Uttalt at ein vil gå i dialog med Helse Vest for å få tilført meir ressursar som kan dekke auke i legestilling til 80 %.</p>
	03.03.09	<p>Helsetilsynet ber om å få opplyst kva tiltak som blir set i verk for å rette avviket med eksisterande ressursar og kva tid verksemda vil evaluere korleis desse tiltaka fungerer. Svarfrist er sett til 1. april 2009.</p>
	25.02.09	<p>Melding om tilsyn med Sola DPS 20.-21. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med</p> <ul style="list-style-type: none"> - vurdering og prioritering av nye pasientar - utgreiing - behandling og oppfølging
	26.02.09	<p>Melding om tilsyn med Ryfylke DPS 22.-23. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med</p> <ul style="list-style-type: none"> - vurdering og prioritering av nye pasientar - utgreiing - behandling og oppfølging
	12.03.09	<p>Rapport frå tilsyn med vikarordningane ved Nordfjord sjukehus.</p> <p>Ved tilsynet blei det påpeika eitt avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Førde si handtering av den auka risikoen ved den samla vikarbruken på Nordfjord sjukehus er ikkje tilfredsstillande.
	12.03.09	<p>Rapport frå tilsyn med vikarordninga ved Lærdal sjukehus.</p> <p>Ved tilsynet blei det påpeika eitt avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Førde si handtering av den auka risikoen ved den samla vikarbruken på Lærdal sjukehus er ikkje tilfredsstillande.
	21.04.09	<p>Tilsynsrapport, blodbankverksemd ved Voss sjukehus. Ved tilsynet blei det påpeika eitt avvik.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Bergen sikrar ikkje at blodbankverksemda ved Voss sjukehus er i tråd med krava i blodbankforskrifta innanfor dei reviderte områda. <p>Internkontrollen/kvalitetsstyringssystemet ivaretek ikkje leiinga sitt ansvar for at dette skal vere styrte prosessar som skal bli følgd opp på ein systematisk måte.</p>
	28.04.09	<p>Rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk 19. –</p>

		<p>20. mars 2009. ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje lagt til rette for at tilvisingar alltid blir vurderte og at pasientane får informasjon om utfallet av vurderinga i samsvar med krav i pasientlova og spesialisthelsetenestelova. • Ein sikrar ikkje at alle pasientar med rett til nødvendig helsehjelp får behandling innan den tid som er vurdert som fagleg forsvarleg. • Ventelister inneheld ikkje opplysingar som er nødvendige for oversikt og styring av aktivitet. <p>Helse Fonna er gitt frist til 15. juni 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p>	
Arbeidstilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Datatisynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Statens strålevern		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	13.11.08	Helse Stavanger HF. Saka gjeld ein open anbodskonkurranse for kjøp av tenester knytt til behandlingshjelpemidlar. Klager hevder at oppdragsgivar sin tilbodsevaluering er mangelfull på ein rekkje punkt. Vidare blir det hevda at oppdragsgivar sin klagebehandling og nærare grunngjeving ikkje tilfredsstillar krava i regelverket.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen		Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	